

Prosjektveke i veke 40

Hei alle saman.

For å ivareta smitteverntiltak blir det ikkje aksjonskveld på Marvik skule i år. I veke 40 skal vi i staden ha prosjektveke om temaet miljø, og spesielt forureining av havet.

**I veke 40 skal elevane lesa, høyra og sjå på fakta om havet og forureining i havet.
Me skal jobba med forskjellege oppgåver, laga ting og me skal rydda på stranda.**

På tysdag 29. september blir det strandryddedag i Slettingsvika.

Taxi og bil hentar elevar heime mellom 8.30 og 8.45, også kører me til lekeplassen på Hebnes.

Dei elevane som bur i Marvik skal vera på skulen kl. 8.30.

Ryddedag på Hebnes startar kl. 9.00. Dagen sluttar ca. kl. 13.45. Elevane blir køyrt heim. Dei elevane som skal på SFO blir køyrt til Marvik skule.

Me skal rydda på stranda og etterpå skal me kosa oss me grillpølser.

Skulen har med seg grillpøser og pølsebrød.

**Elevane treng ikkje skulesekk, men drikkeflaske og evt niste dersom dei ikkje vil eta pølser.
Alle bør har på seg vanntette klede og sko og evtl byttesokkar i sekken.**

På fredag 02.10. skal me avslutta prosjektveka med ein aksjonsdag.

Me skal ha utlodning og selja kake og saft.

Me ber kvar familie å senda med ein gevinst til den dagen.

Alle elevar kan ha med seg pengar den dagen for å kjøpa boller, kake, saft og lodd.

Me anbefaler at dei ikkje har med seg meir enn 150kr.

Pengane me samlar inn skal gå til årets Tv-askjon.

TV-aksjonen NRK 2020 går til WWFs arbeid for å bekjempe plast i havet. I år går TV-aksjonen av stabelen 18. oktober.

**Åtte millioner tonn plast hamnar i havet kvart år. Plasten truar ikkje berre dyrelivet, men også oss. Med konkrete tiltak der problema er størst, skal årets TV-aksjon ta plasten ved rota.
Saman skal vi redusera plastutslappa og ta vare på verdshava!**



Havet er fantastisk. Det har gitt liv til alt levande på planeten vår. Men no er havet trua. Heldigvis finst det løysingar.

